



Knarvik Senterutvikling AS
c/o Olav Kåre Vatnøy Kvassnesvegen 48
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/3527 - 19/10840

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

05.04.2019

Vedkomande årsrapport fettutskiljar - GBNR188/764 NG Meny Knarvik

Teknisk drift har motteke årsrapport for fettutskiljar ved gbnr 188/764 (NG Meny Knarvik) for driftsår 2018

Årsrapport for 2018 er mangelfull. Rapporten viser at anlegg ikkje er tømt iht gitte løyve eller forskrift for fettutskiljar for Lindås kommune. Nytt anlegg vart, etter krav frå kommunen, installert og tatt i bruk i byrjinga av februar 2018. Anlegg vart teke i bruk før det lå føre godkjenning til å knytte anlegg på kommunalt avløpsnett. Lindås kommune har, i forskrift for fettutskiljar, vedtatt at fettutskiljarar i Lindås skal tømmast 3 til 12 gonger i året. Anlegget sin tømme- og loggfrekvens vert fastsett i enkeltvedtak (løyve til å knytte anlegg på avløpsnettet) og fastsettast ut i frå størrelse og bruk av anlegg. Vi gjer merksam på at sjølv om anlegg er teke i bruk før vedtak er fatta, skal anlegg tømmast iht gjeldande forskrift.

I årsrapport er det opplyst om at anlegg er tømt 2 gonger i 2018. Det er ikkje lagt ved dokumentasjon på dette (tømmeseddel/-rapport signert av sjåfør på tømmebil). Det er ikkje lagt ved temperaturlogger (krav om 2 per år) eller analyseprøve av utsleppsvatn (krav om 1 per år). Dette betyr at det *ikkje* er levert inn nødvendig dokumentasjon på at anlegg stettar krav til utslepp. Slik årsrapport ligg føre har Teknisk drift ikkje tilstrekeleg med dokumentasjon for å kunne vurdere anlegget sin reinsefunksjon.

For anlegg ved gbnr 188/764 skal **årsrapport innehalde følgjande dokumentasjon:**

- **Årsrapport,**
- **Driftsjournal,**
- **4 stk tømmerapport/-seddel (signert av sjåfør tømmebil),**
- **2 temperaturlogger, samt**
- **1 analyseprøve av utsleppsvatn.**

Teknisk drift ber om at manglande dokumentasjon vert sendt inn så snart som mulig.

Det er viktig at Knarvik Senterutvikling AS, som grunneigar og abonnent på kommunale avløpstenester, påser at anlegg vert tømt og loggført iht til forskrift, abonnementsvilkår og vilkår i gitte løyve til å ha anlegg på kommunalt avløpsnett. Som grunneigar/abonnent på avløpstenester har Knarvik Senterutvikling AS også

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



ansvar for at Lindås kommune får nødvendig dokumentasjon for å kunne vurdere anlegget sin reinsefunksjon (om anlegg stettar krav til utslepp).

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Meny Knarvik

Kvernhusmyrane 5914
7A

ISDALSTØ

Mottakarar:

Knarvik Senterutvikling AS

c/o Olav Kåre 5914
Vatnøy
Kvassnesvegen 48

ISDALSTØ